



[OBJ]

# FOLKEBIBLIOTEKET OG SKULANE

Nye samarbeidsformer i ein liten/ mellomstor  
samanslått kommune

Eit toårig prosjekt med støtte frå Nasjonalbiblioteket. 2021 – 2023

Tone Lie  
Midt-Telemark bibliotek

[Skriv her]



## Innhald

Innhald.....	1
1. BAKGRUNN OG MÅL FOR PROSJEKTET.....	2
2. PROSJEKTPERIODEN .....	3
2.1. PLANEN.....	3
2.2. GJENNOMFØRING .....	3
2.2.1. SAMARBEID ANDRE STADER – EI UNDERSØKING.....	3
2.2.2. PROSJEKTGRUPPE.....	4
2.2.3. KARTLEGGING AV LOKALE FORHOLD.....	4
2.2.4. UTVIKLING AV TILTAK/ OPPLÈGG .....	5
2.2.5. UTPRØVING AV TILTAK/ OPPLÈGG.....	6
2.2.6. RESULTAT.....	8
2.2.7. SKULEBIBLIOTEKPLAN.....	9
3. MÅLOPPNÅING OG VIDAREFØRING .....	9

## 1. BAKGRUNN OG MÅL FOR PROSJEKTET

### BAKGRUNN

1. januar 2020 slo Bø og Sauherad kommunar seg saman til Midt-Telemark kommune. Den nye kommunen har i overkant av 10 000 innbyggjarar. Folkebiblioteket i Sauherad var eit kombinasjonsbibliotek som låg på skulen, men det er no lagt ned, og skulen har fått nye lokale. Denne delen av kommunen har ikkje lenger ein folkebibliotekfilial, og med felles folkebibliotek plassert i Bø må vi lage nye strukturar for bibliotekdrifta i den nye kommunen. Folkebiblioteket har 2,8 årsverk. Det går om lag 1200 elevar på barne- og ungdomsskulane i Midt-Telemark. Elevane tilhøyrer fire grunnskular, som har store ulikheiter når det gjeld mediesamling og ressursar på skulebiblioteka. Skulane har i hovudsak lærarar som skulebibliotekansvarlege, i høvesvis 5, 10, 15 og 20% stillingar. Det har ikkje vore fokus på å utvikle eit strategisk samarbeid mellom folke- og skulebibliotek, eller mellom folkebibliotek og skule, i dei to tidlegare kommunane.

### MÅL

Folkebiblioteket og skulane i Midt-Telemark kommune skal etter endt prosjektperiode ha funne ein måte å samarbeide på som styrkar folkebiblioteket sitt arbeid knytt til barn og unge, og som sikrar eit likare skulebibliotektilbod til elevane uavhengig av kva skule dei går på.

Tilsette i folkebibliotek og skule skal ha fått meir kunnskap om, og forståing av, kvarandre sine fagfelt.

Både folke- og skulebibliotek skal ha fått styrka sin posisjon i kommunen sine planar.

Mediesamlingane blir utnytta optimalt.

Det blir oppretta ei stilling som skule- og bibliotek-koordinator på folkebiblioteket.

## 2. PROSJEKTPERIODEN

### 2.1. PLANEN

Toårig prosjekt med oppstart i mai 2021.

Det fyrste halve året: Oppstart av prosjektgruppe (representantar frå alle skulane, skulebibliotekansvarlege, oppvekstsjef, prosjektleiar, biblioteksjef). Kartlegge situasjon og behov ved dei ulike skulane (med særleg fokus på fagfornyelsen). Undersøke korleis folkebibliotek samarbeider med skulebibliotek i samanliknbare kommunar. Finne ut kva vi ønskjer å måle effekt av, og korleis. Arbeide fram ein plan for skulebiblioteka (for å kunne søke Udir om midlar til å utvikle arbeidet på skulebiblioteka).

Andre halvår vil vi ha fokus på utvikling av tiltak og opplegg saman med ressurspersonar frå skule og folkebibliotek, og rapportskriving for fyrste prosjektår.

Tredje og fjerde halvår vil bli brukt til utprøving av tiltak, eventuelle endringar, dokumentering av effekt, samt rapportskriving.

### 2.2. GJENNOMFØRING

#### 2.2.1. SAMARBEID ANDRE STADER – EI UNDERSØKING

Prosjektleiar undersøkte korleis folkebibliotek samarbeider strukturert med skular og skulebibliotek i samanliknbare kommunar. Kommunar som blei undersøkt var mellom andre Haugesund, Kragerø, Ringsaker, Gol, Levanger, Nord-Odal, Tønsberg og Grimstad.

Vi fann at desse biblioteka hadde stillingar/ roller som retta seg spesielt mot å jobbe direkte mot skulebiblioteka, i tillegg til meir "vanleg" barne- og ungdomsbibliotekarbeid.

Døme på typiske oppgåver ein skulebibliotekkoordinator ved eit folkebibliotek kan ha:

- Vere kontaktperson mellom folkebibliotek og skulebibliotek, koordinere samarbeidet folkebiblioteket har med skulebiblioteka på barne- og ungdomsskulane i kommunen.
- Legge til rette for godt samarbeid mellom folkebibliotek, skulane og skulebibliotekarane i kommunen, til dømes ved å opprette og koordinere fagfora / nettverksmøte for skulebibliotekarane. Bidra og legge til rette for kompetanseheving av skulebiblioteka som pedagogisk læringsarena, til dømes ved å organisere erfaringsutveksling, orientere om relevante kurs og tilby opplæring / hjelp.
- Støtte skulane i samlingsutvikling og utforming av bibliotekromma.
- Ansvar for å organisere innkjøp, registrere, katalogisere og klargjere bøker til skulebiblioteka.
- Support i høve til biblioteksystem.
- Ansvar for å organisere besøk frå Den kulturelle skulesekken.
- Ansvar for digitale ressursar (som spesialpedagogisk materiell og lærebøker).

- Samarbeid med skulebibliotek på vidaregåande skular.
- Foredrag om lesing og barnelitteratur for foreldre og lærarar.
- Lesestund eller formidling i klasserom eller på folkebibliotek, utlån av bokkasser.

Bortsett frå arbeid med Den kulturelle skulesekken og ansvar for digitale ressursar, har alle desse punkta blitt vurdert eller prøvd ut i Midt-Telemark kommune i prosjektperioden.

### 2.2.2. PROSJEKTGRUPPE

Prosjektgruppe bestående av representantar frå alle skulane, skulebibliotekansvarlege, oppvekstsjef, prosjektleiar og biblioteksjef skulle etablerast. Prosjektarbeidet starta opp i mai 2021, som planlagt, men oppstart av prosjektgruppa blei vanskeleggjort av koronasituasjonen, sjukemeldingar hos fleire av dei potensielle deltakarane, og av at det har vore liten kontinuitet i stillinga som oppvekstsjef i store delar av perioden. Ei prosjektgruppe var ønskeleg for å sikre at arbeidet var forankra hos både bibliotek-, skule, og kommuneleiing.

Mangelen på ei prosjektgruppe har likevel ikkje stoppa arbeidet. Alle partar har vore informert om arbeidet, og velviljen har vore stor. Kanskje hadde det vore enklare å få gjennomslag for å etablere prosjektstillinga som ei fast stilling etter prosjektperioden, men mest sannsynleg ville økonomien stoppa dette, sjølv med ei aktiv prosjektgruppe. På grunn av prosjektet er det blitt oppretta kontakt mellom dei ulike rollene, og vi har eit godt grunnlag for å samarbeide vidare.

### 2.2.3. KARTLEGGING AV LOKALE FORHOLD

Midt-Telemark kommune har om lag 1200 grunnskuleelevar fordelt på fire skular.

Skule nummer 1 er ein 1-7. skule med om lag 420 elevar. Den skulebibliotekansvarlege er lærar med om lag 15 % stilling avsett til arbeid på skulebiblioteket. Det finst eit budsjett til innkjøp, skulebiblioteket har eit godt eigna lokale, og klassene har gjennom mange år hatt mogelegheit til å sette seg opp på faste besøk kvar veke. Mange tilsette ved skulen kan bruke utlånssystemet og med det hjelpe elevane på skulebiblioteket. Denne skulen ligg i gangavstand frå folkebiblioteket.

Skule nummer 2 er også ein 1-7. skule med om lag 130 elevar. Den skulebibliotekansvarlege er lærar med om lag 5 % stilling avsett til arbeid på skulebiblioteket. Det finst eit lite budsjett til innkjøp og skulebiblioteket har eit lite eigna lokale i ein gang. Denne skulen ligg ikkje i gangavstand frå folkebiblioteket.

Skule nummer 3 er ein 8-10. skule med om lag 250 elevar. Den skulebibliotekansvarlege er lærar med om lag 20 % stilling avsett til arbeid på skulebiblioteket. Det finst eit budsjett til innkjøp, og skulebiblioteket har eit godt eigna lokale. Denne skulen ligg i gangavstand frå folkebiblioteket.

Skule nummer 4 er ein 1-10. skule med om lag 400 elevar. Skulen har tidlegare husa ei kombinasjonsbibliotek, men dette blei ikkje vidareført då skulen fekk nytt bygg, og to kommunar blei slått saman. I ein overgangsperiode har folkebiblioteket finansiert skulebibliotekansvarleg i ei 10% stilling med prosjektleiar som skulebibliotekansvarleg. Skulen har no overtatt ansvaret for sitt eige skulebibliotek, og ein lærar har avsett ein time i veka til arbeidet. Det finst ikkje budsjett til innkjøp, og skulebiblioteket manglar noko hylleplass og skjerming frå gjennomgangstrafikk og støy. Denne skulen ligg ikkje i gangavstand frå folkebiblioteket.

Det er altså relativt store skilnader på skulebibliotektilbodet ved dei ulike skulane i kommunen, og på mogelegheitene dei har til å nytte seg av folkebiblioteket sitt lokale i det daglege. Dei skulane som har minst ressursar til skulebibliotek, er og dei som ikkje ligg i gangavstand til folkebiblioteket.

Folkebibliotektenesta held i dag til i dei gamle lokala på 540m<sup>2</sup> i den største delen av den nye kommunen. Frå å skulle betene ca. 6.500 innbyggjarar, skal det nå betene 10.500. Innbyggjarane sitt samla bibliotekareal blei redusert med ca. 270m<sup>2</sup> når kombinasjonsbiblioteket blei lagt ned. Før samanslåinga inviterte biblioteket fjerdeklassene i kommunen til biblioteket og lånte ut bokkasser. Folkebiblioteket har 2,8 årsverk (0,6 årsverk til barne- og ungdomsbibliotekar) og er betent 5 dagar i veka, inklusiv laurdag. Biblioteket er heilt sjølvbetent ein dag i veka, og det er lagt særleg til rette for å ta i mot klassebesøk denne dagen.

Kartlegging av behov ved dei ulike skulane gjekk føre seg gjennom individuell kontakt med dei ulike skulebibliotekarane og lærarar. Prosjektleiar var mellom anna på skulane i løpet av planleggingsdagane ved skulestart og informerte om prosjektet, kva folkebiblioteket kan tilby og døme på kva det utvida samarbeidet kunne bestå av. Skulebibliotekarar og lærarar blei invitert til å kome med ønske med utgangspunkt i sin situasjon og sine behov, og det blei lagt opp til at terskelen for å ta kontakt skulle vere låg. Då kontakten fyrst var oppretta, blei behov meldt inn gjennom heile prosjektperioden.

#### 2.2.4. UTVIKLING AV TILTAK/ OPPLEGG

Arbeidet med utvikling av tiltak og opplegg saman med ressurspersonar frå skule og folkebibliotek starta allereie i fyrste halvår. Det viste seg raskt at det var eit stort behov og ønske både hos skulebibliotekarar og lærarar for eit betre samarbeid med folkebiblioteket.

Skulebibliotekarane trong mellom anna hjelp til:

- Samlingsutvikling som rydding og kassering. Omfattande kassering kan vere ei overveldande oppgåve å stå aleine med. Ofte må også prioriteringane forsvarast og forklarast ovanfor kollegaer.
- Hylleorganisering – fleire ønskte temahyller i tillegg til dei tradisjonelle alfabetiserte og Dewey-organiserte hyllene.

- Råd om innkjøp, på grunn av lite tid til å setje seg inn i alt som kjem av ny litteratur for barn og ungdom.
- Opplæring i, og hjelp i overgangen til, det nye web-baserte biblioteksystemet.

Lærarane ønskte:

- Bokkasser til klassene.
- Boktips til høgtlesing.
- Litteratur til temaundervisning.
- Lesestunder og besøk på folkebiblioteket med klassa si. Ei skuleklasse ønskte å kome ein gong i månaden for å ha eit større utval enn på skulebiblioteket.

Folkebiblioteket ønskte:

- Fleire klassebesøk.
- Auka utlån til skulane.
- Å etablere ei eiga skuleboksamling plassert på folkebiblioteket tenkt brukt til utlån i klasser.
- Ei betre utnyttinga av total mediesamling i kommunen.
- Oversikt over kva for klassesett som finst ute på dei ulike skulane.
- Å opprette ei lita barne- og ungdomsavdeling i lokala til frivilligsentralen i den delen av kommunen som mista folkebiblioteket sitt i kommunesamanslåinga.

### 2.2.5. UTPRØVING AV TILTAK/ OPPLEGG

I høve til skulebibliotekarar og skulebibliotek:

Tre av skulane har fått hjelp til stor-rydding, kassering og ny hylleorganisering i perioden, og den fjerde har tinga på hjelp ved oppstart av nytt skuleår 23/24. To av skulebibliotekarane har ønskt råd når det kjem til innkjøp, og tre av skulebibliotekarane har fått opplæring i bruk av biblioteksystemet. Prosjektleiari har hatt ansvaret for å fordele Kulturfondsbøker på dei ulike skulane, og for skulenummer 4 er det prosjektleiari som også har hatt ansvaret for å katalogisere og klargjere dei nye Kulturfondsbøkene. Prosjektleiari har også hatt kontakt med den vidaregåande skulen i kommunen vedkomande Kulturfondsbøkene som er best eigna for unge vaksne.

Vi har også prøvd ut indirekte formidling ved å setje opp temautstillingar på skulebiblioteka på barneskulane, mellom anna til jul og vinter. Når prosjektleiari har tilgang til skulebiblioteket sin database, er det enkelt å lage ei liste over aktuelle og tilgjengelege bøker på førehand. Slik tar ikkje arbeidet med å setje opp utstillinga mykje tid. Temaplakat og anna utstyr kan brukast på nytt på ein annan skule.

I høve til lærarar og klasser:

I samarbeid med einskildlærarar har vi testa ut ulike høgtlesingsbøker og måtar å arbeide med litteratur i klasserommet. Til dømes har ei tredjeklasse brukt serien *Håndbok for superhelter* som høgtlesingsbøker. Forlaget la dei flotte illustrasjonane frå boka ut som powerpoint-presentasjon, og klassa fekk sjå desse på smartboarden medan læraren las. Denne visuelle støtta gjorde høgtlesinga svært vellukka.

Ei andreklasse brukte boka *Hvis jeg var statsminister* i skriveopplæringa. Boka handlar om alt det artige ein kunne bestemme og gjennomføre dersom ein var statsminister. Etter at læraren hadde lest boka høgt for klassa, fekk elevane arbeide vidare med konseptet og skrive setningar om kva dei ville gjort dersom dei var statsminister.

Dei gode erfaringane frå desse forsøka, og andre, har blitt delt med lærarar på aktuelle trinn på dei andre barneskulane, slik at dei har fått mogelegheita til å bruke same opplegg.

Folkebiblioteket har også kome med forslag til høgtlesingsbøker, levert ut bokkasser og utarbeidd boklister til arbeid med tverrfaglege tema frå fagfornyninga; folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap og berekraftig utvikling.

I samarbeid med barne- og ungdomsbibliotekaren har vi også auka innsatsen i høve til å få besøk av skuleklasser gjennom heile prosjektperioden. Tidlegare har det vore ei fast ordning at fjerde klassane kjem på bibliotekbesøk, og det var ikkje mykje besøk utanom dette. Vi har sendt ut fleire invitasjonar til skulane med aktuelle datoar, og har hatt fokus på å gjere avtaler om konkrete tidspunkt. Dette fordi vi ønsker å ha høgtlesing, informasjon om biblioteket og tid til å hjelpe med å finne passande litteratur til elevane. Kjem det skuleklasser utanfor avtalt tid, er det nesten aldri mogeleg for oss å hjelpe med å finne bøker, grunna låg bemanning. Det kravde ein del jobb å opprette kontakt, men vi har fått veldig gode tilbakemeldingar på opplegget, og fleire kjem igjen. Vi skal saman med rektorane sjå om vi kan utvide dei faste besøka til å gjelde fleire trinn enn berre 4., samstundes som vi sender ut spesiell invitasjon til 5., 6. og 7. trinn om å komme på besøk gjennom skuleåret. Dei som kom ein gong i månaden hadde ikkje høgtlesing kvar gong. Vi serverer kaffi til lærarane, og det har blitt fine samtaler mellom dei vaksne om ulike utfordringar på ulike alderstrinn, og vi blir betre kjent med arbeidskvardagen på dei ulike skulane. Her dukkar det også ofte opp gode idear til vidare arbeid.

Betre utnytting av mediasamlingane:

Til dømes har bøker frå eitt skulebibliotek, saman med folkebiblioteket sine bøker i same serie, blitt lånt ut til ei klasse på ein av dei andre skulane. Vi har også fått oversikt over kva for klassesett som finst på dei ulike skulane. Folkebiblioteket og ein av ungdomsskulane eig no kvar sin halvpart av eit klassesett med 50 engelske bøker, som også den andre ungdomsskulen i kommunen kan låne.

Vi har hatt fokus på å støtte opp om klasser som har deltatt i Bokslukerprisen, og distribuert ekstra eksemplar i form av Kulturfondbøker, til desse klassene.



I byrjinga av prosjektperioden bestod distribusjon av Kulturfondbøker i å dele ut eit sett bøker til kvar skule. Frå og med 2023 får kommunen som heilskap færre sett som skal fordelast på folkebibliotek og skulebibliotek, og det er eit større arbeid å fordele rett med tanke på behov, elevtal og alder på elevane. Prosjektleiar kjenner tilhøva på dei ulike skulane og kan gjere denne jobben.

Folkebiblioteket har også sett av budsjettmidlar og kjøpt inn bøker til ei eiga skulesamling, som er utlånt til klasser i skuleåret og brukast til å supplere eiga samling i sommarferien når utlånet av barnebøker er ekstra høgt på grunn av Sommarles. Skulesamlinga er ikkje tilgjengeleg for fjernlån. Tanken bak dette var å sikre at populære bøker kom ut til elevane, uavhengig skulane sine mediebudsjett.

Folkebiblioteket har sidan nedlegginga av kombinasjonsbiblioteket prøvd ut ulike samling- og utlånskonsept. I prosjektperioden blei det sett opp ei barne- og ungdomssamling på den lokale frivilligsentralen. Der blei det rigga til eit opphaldsrom med spel og hengekøyer, og biblioteket sette ut eit utval bøker til utlån. Planen var å bruke dette lokalet som formidlingsarena retta mot skuleklassene i denne delen av kommunen, som eit alternativ til hovudbiblioteket, som låg litt langt vekk. Rommet blei ikkje nytta til formidling, det blei heller besøk i klasseromma. I dag er det ikkje lenger boksamling her.

## 2.2.6. RESULTAT

Vi kan sjå effekt av prosjektet på mange ulike måtar, mellom anna gjennom den tette kontakten med skulebibliotekarane. Under følger døme på andre målbare resultat:

Vi hadde eit mål om at elevar på dei ulike skulane skulle få eit så likt bibliotektilbod som mogeleg. Det fyrste praktiske tiltaket var å promotere lesekampanja Sommarles 2022 i den delen av den nye kommunen der deltakinga tidlegare hadde vore låg. Arbeidet gav resultat – 100 fleire påmelde enn året før (ein auke frå om lag 300 til om lag 400 deltakarar i kommunen totalt).

Vi ønskte også å betre kontakt og samarbeid mellom skulane og folkebiblioteket. Utlån av bokkasser frå folkebibliotek til klasser blei ein god målestokk. I løpet av det fyrste skuleåret i prosjektperioden lånte folkebiblioteket ut 23 bokkasser (mot veldig få tidlegare år).

Tidlegare hadde folkebiblioteket eitt årleg besøk av fjerdeklassene i kommunen, medan berre i det siste halvåret av prosjektperioden har vi hatt besøk av 23 klasser. Det auka tilbodet gjev større etterspurnad, og det er høgtlesing ved nesten alle besøk.

Spesialpedagogar frå skule nummer 1 har besøkt biblioteket saman med elevar kvar veke gjennom heile perioden.

Folkebiblioteket har no ein ståande invitasjon til å årleg informere på planleggingsdagar/ lærarmøte, då vi ser at kontakten må haldast ved like.

### 2.2.7. SKULEBIBLIOTEKPLAN

Vi hadde som mål å arbeide fram ein plan for skulebiblioteka (for å kunne søke Udir om midlar til å utvikle arbeidet på skulebiblioteka). Dette kom for tidleg i prosjektperioden, og blei ikkje tatt tak i før tredje og fjerde halvår. Arbeidet er enno ikkje ferdig, men held fram etter endt prosjektperiode.

Det er planlagt eit møte ved skulestart 23/24 der biblioteket saman med rektorane skal ferdigstille skulebibliotekplanar til politisk handsaming. Det ligg døme på ulike planar på skulebibliotek.no som vi har sett på.

## 3. MÅLOPPNÅING OG VIDAREFØRING

Folkebiblioteket og skulane i Midt-Telemark kommune har etter prosjektperioden funne ein måte å samarbeide på som styrkar folkebiblioteket sitt arbeid knytt til barn og unge. Dette kjem til uttrykk mellom anna ved tettare samarbeid med skulebibliotekarane, fleire utlånte bokkasser, fleire klassebesøk på folkebiblioteket, auka deltaking i Sommarles, årlege besøk på planleggingsdagar, samt betre kontakt mellom bibliotekleiar, rektorar og oppvekstsjef. Vi har lagt opp til at dette samarbeidet blir vidareført også etter prosjektperioden.

I tillegg til å arbeide for å sikre eit likare *skulebibliotektilbod* til elevane uavhengig av kva skule dei går på, har vi også arbeidd for å sikre eit godt tilbod frå *folkebiblioteket* uavhengig av skuletilhørsle. Både prosjektmidlar og folkebiblioteket sine ressursar har blitt brukt for å utjamne ulikheiter. Vi har mellom anna lagt inn ekstra innsats med tanke på rekruttering til Sommarles og for å få i stand klassebesøk på biblioteket for dei skulane som trong det mest. I tillegg har prosjektleiar vore ekstra involvert i drifta av det skulebiblioteket som har minst ressursar. Folkebiblioteket ønsker å halde fram med å gjere ein ekstra innsats i høve til dei skulane som treng det mest, og med å katalogisere og klargjere bøker for skule nummer 4.

Tilsette i folkebibliotek og skule har fått meir kunnskap om, og forståing av, kvarandre sine fagfelt. Skulane veit meir om kva biblioteket kan tilby, og biblioteket forstår betre kva skulane ønsker og har behov for. Terskelen for å ta kontakt har blitt lågare begge vegar. Personleg kontakt, og det å ha ei kjensle av å kjenne kvarandre, gjev opning for samarbeid på nye måtar. Dialog om konkrete behov gjev betre tilpassa tilbod. Til dømes tok ein lærar som ønskte at elevane skulle lese i sommarferien kontakt og spurde om det var mogeleg å ta med klassa på eit bibliotekbesøk der fokus skulle vere på å inspirere til deltaking på Sommarles. Det enda med at alle 1.- 4. klassene frå skule nummer1 kom innom i juni! Folkebiblioteket ønsker å halde på kontakten som er oppretta, og vil med jamne mellomrom gjere tiltak for å bevare den – til dømes ved å besøke personalmøte på skulane.

Mediesamlingane blir no utnytta mykje betre, om ikkje enno optimalt. Bøker frå eitt skulebibliotek, har saman med folkebiblioteket sine bøker i same serie, blitt lånt ut til ein av dei andre skulane. Vi har oversikt over klassesett på skulane, og folkebiblioteket og ein av ungdomsskulane eig kvar sin halvpart av eit klassesett med

50 engelske bøker, som også den andre ungdomsskolen i kommunen kan låne. Klasser som har deltatt i Bokslukerprisen har fått tilgang til ekstra eksemplar av dei aktuelle bøkene. Kulturfondsbøker blir distribuert med utgangspunkt i elevmasse og behov ved den einskilde skule. Folkebiblioteket ønsker å arbeide vidare på denne måten, og i tillegg utvide skulesamlinga som kan lånast ut til klasser.

Både folke- og skulebibliotek har fått styrka sin posisjon i kommunen sine planer. I arbeidet med kommunen sin nye kulturstrategi, har det vore viktig for biblioteket å framheve samarbeidet med skular og skulebibliotek, og ei styrking av samarbeidet er no tatt inn som eit mål i denne strategien. Dette fokuset blir vidareført når ny kommunedelplan for kultur skal førast i pennen.

Prosjektperioden er over, og det er tydeleg at prosjektstillinga har dekt eit behov som framleis er der. Tre av fire skulebibliotek får i haust ny ansvarleg, og eitt skal også få nye lokale. Heldigvis fortsett prosjektleiar i ei anna stilling her på biblioteket, og vil så langt som råd hjelpe til med opplæring av dei nye, og organiseringa av det nye skulebiblioteket.

Vi la fram sak for Oppvekst- og kulturutvalet i kommunen med tanke på å få etablert prosjektstillinga som ei permanent stilling for inneverande budsjettår. Vi fekk veldig positive tilbakemeldingar, men i ein kommune med dårleg økonomi blei ikkje dei nødvendige prioriteringane for å få det til gjort. Vi gjer eit nytt forsøk på å synleggjere behovet med mål om at det blir oppretta ei stilling som skule- og bibliotekkoordinator på folkebiblioteket komande budsjettår.

Får vi ikkje auka årsverk med minst 0,2 frå neste år, kan vi ikkje halde fram med alt vi ønskjer. Frå hausten av gjer vi interne omprioriteringar og flyttar noko meir ressursar over på barn og unge. Vi ønskjer å halde på dei faste tilboda vi har til andre grupper, t.d. betent opningstid, digital hjelp, Strikk & lytt, litteraturkafé på dagsenteret og minibibliotek, og er spente på å sjå kva som skjer vidare.

Oversikt over prioriteringar:

- Informere om folkebiblioteket sitt tilbod på lærarmøte kvart år
- Sende e-postinvitasjon haust og nyttår for å lage avtaler om klassebesøk på folkebiblioteket
- Invitere alle 1.trinn til høgtlesing i Sommarlesrommet kvar juni (ev. eitt trinn til, i samråd med skulane)
- Sikre noko fellestilbod i samråd med alle skulane (t.d. alltid besøk i 4., 6. og 8. trinn)

Dersom det kjem nok ressursar:

- Fordele Kulturfondsbøker etter behov

- Samarbeide med skulane om å søke midlar hos t.d. Udir til å styrke skulebiblioteka
- Registrere nye bøker ved behov
- Utvikle litterære opplegg til bruk i klasser
- Utstillingar og besøk ut på skulebiblioteka
- Besøk på skulane som ligg lengst unna (høgtlesing og bokkasser)